



## BERLINER BEITRÄGE ZUR SKANDINAVISTIK

Titel/  
title: *Språk og språkforhold i Sápmi*

Autor(in)/  
author: Nils Dannemark

Kapitel/  
chapter: »Pluralis i det norske talemålet til  
nokre barn i Guovdageaidnu«

In: Bull, Tove/Kusmenko, Jurij/Rießler, Michael (Hg.): *Språk og  
språkforhold i Sápmi*. Berlin: Nordeuropa-Institut, 2007

ISBN: 973-3-932406-26-3

Reihe/  
series: Berliner Beiträge zur Skandinavistik, Bd. 11

ISSN: 0933-4009

Seiten/  
pages: 259–266

Diesen Band gibt es weiterhin zu kaufen. This book can still be purchased.

© Copyright: Nordeuropa-Institut Berlin und Autoren.

© Copyright: Department for Northern European Studies Berlin and authors.

NILS DANNEMARK  
Pluralis i det norske talemålet  
til nokre barn i Guovdageaidnu

Materialet eg har analysert, er samla inn i Guovdageaidnu. Eg har hatt tretten informantar, sju jenter og seks gutar. Eg gjorde opptak med dei over tre år. Da eg tok til, var om lag halvparten seks og resten sju år. Alle informantane har vakse opp i Guovdageaidnu og var elevar ved Guovdageainnu mánáidskuvla/Kautokeino barneskole da eg gjorde opptak med dei. Det er det norske talemålet deira eg har analysert. Ungane lever i eit område der samisk er det dominerande målet, men alle tretten gjekk i klassar med norsk som undervisningsmål.

Foreldra deira hadde altså valt norsk som førstespråk for ungene på skolen. Da desse elevane begynte på skolen, var det to samiskspråklege klassar med i overkant av tjue elevar på kvart klassesteg. I dei norskspråklege klassane var det mellom fem og ti elevar på kvart steg. Dei norskspråklege klassane var organiserte som fådelt skole, 1. og 2. klasse gjekk saman, 3. og 4., og 5., 6. og 7. Dei fleste av informantane kjem frå tospråklege heimar. Ein har samisk som einaste språk heime, og tre-fire har norsk som einaste heimespråk. Elles varierer det noko kva av språka som står sterkast i miljøet til informantane. Men på skolen er dei altså definerte som norskspråklege.

Temaet for heile undersøkinga er *variasjon* – eg ser på morfologiske drag der det førekjem variasjon, både hos einskildinformantar og i gruppa. Eg skal her ta for meg pluralis av substantiv hos desse informantane, og sjølv om eg ikkje har funne drag som sikkert kan seiest å vera interferences frå samisk, er det vel rimeleg å tru at det kan merkast at dei bur i eit språkkloyvd område, og at den store variasjonen ein finn i språket deira, heng saman med det. I miljø der ulike språk lever saman, ser det ut til at endringar i språkssystema skjer raskare enn i homogene språkmiljø, og at det til dels er andre endringar som finn stad enn i einspråklege miljø.<sup>1</sup>

I pluralisbøyinga av substantiv er det – som elles i morfologien – ganske stor variasjon hos desse informantane – både mellom informantane og hos einskildinformantar. Ein finn både reint dialektale former som

---

<sup>1</sup> LE PAGE og TABOURET-KELLER 1985, 13–16.

er dei same som elles i indre Finnmark, og former som fell saman med skriftmålsformer i bokmålet. I tillegg finn ein former som korkje er ein del av dialekten eller av skriftmålet. I indrefinnmarksmål endar både maskulina og feminina på *-/a/* i ubunde pluralis og på *-/an/* i bunde pluralis. Nøytra får anten nullending eller *-/a/* i ubunden form, og *-/an/* i bunden form. I tillegg til desse formene finn ein former på *-/er/* i ubunde pluralis både ved maskulina, feminina og nøytra. Ein av informantane mine snakkar eit sterkt austnorskprega norsk, og dersom ein ser bort frå han, er det om lag like mange førekomstar av *-/er/* som av *-/a/*. I bunde pluralis har skriftmålsforma *-/ene/* svært låg frekvens i talemålet til informantane mine. I tillegg førekjem somme andre skriftmålsformer ein eller et par gonger, dette gjeld ›trær‹, ›klær‹ og ›jægere‹. I bunde pluralis førekjem også forma *-a* ved nøytra og ved maskulinumet ›sko‹ – sko kan jo også få *-a* i begge skriftmåla. Når eg brukar termen skriftmålsformer, tyder ikkje det at eg meiner formene kjem direkte frå skriftmålet – dette er former som førekjem i eit talemål som er godt kjent også utanfor dei områda det tradisjonelt har vore bruka.

Mayerthaler 1981 skriv om korleis det ofte kan oppstå konflikstar mellom fonologi og morfologi. Det han kallar naturleg fonologisk utvikling, kan føre til eit mindre naturleg morfologisk system. Mayerthaler hevdar så at språkbrukarane søkjer å gjenskapa eit einskapleg morfologisk system. Eit slikt døme på at fonologisk utvikling uroar morfologien, finn vi ved *-/r/-bortfall* i nordnorsk mål. Førre *-/r/-bortfall* var *-/r/* pluralismarkør både for maskulina og feminina. Etter *-/r/-bortfallet* var altså likskapen mellom ubunde pluralis for dei to gruppene fallen bort. Klaus-Michael Köpcke nyttar i si avhandling om pluraldanning i tysk omgrepet ›Signalstärke‹ som eit mål på heilskapseffekten av dei perseptuelle draga som markerer pluralis.<sup>2</sup> Denne signalstyrken har fem delelement:

1. Saliens. Ulike markørar har ulik akustisk prominens, og ein markør med sterk akustisk prominens er lettare å oppfatte enn ein med svak akustisk prominens. Denne faktoren kallar Köpcke saliens.
2. Typefrekvens går på talet av leksikalske element som har sams drag.
3. Tokenfrekvens seier kor ofte eit drag viser seg i språket. Ein ser her

<sup>2</sup> KÖPCKE 1993, 82.

altså ikkje på kor mange element som har draget i leksikonet, men kor ofte det førekjem i ein munnleg eller skriftleg tekst.

4. Signalvaliditet dreiar seg om kor ofte eit visst morfologisk drag korresponderer med same semantiske kategori. Dersom ein markør har fleire semantiske motstykke i same paradigme, blir signaleffekten lågare enn om markøren berre korresponderer med éin semantisk faktor.
5. Ikonisme. At ei symbolisering er konstruksjonelt ikonisk, vil seia at ein semantisk skilnad mellom to kategoriar har ein tilsvarande skilnad med omsyn til symbolisering. Dette vil t. d. seia at skilnaden mellom dei semantiske kategoriane singularis og pluralis finn eit tilsvarande skilje i formverket. Ei morfologisk koding av semantiske skilje kan gå frå å vera maksimalt ikonisk til å vera kontraikonisk. Ei maksimalt ikonisk form er det Mayerthaler kallar segmentalt-additiv, dvs. at ein markør blir lagt til stammen utan noka endring i stammen. Ei koding kan så vera meir eller mindre naturleg. Mayerthaler set opp fem steg frå (a) til (e) for å skildre kor naturleg ei koding er. (a) skildrar den mest naturlege, og altså minst markerte kodinga, medan (e) skildrar den minst naturlege og mest markerte kodinga. Trekk som avgjer kor naturleg ei koding er, er om kodinga er additiv eller modulatorisk. Sterke preteritumsformer av verba *skyte* og *bite* er t. d. modulatoriske ettersom preteritumskodinga skjer ved ei endring i vokalismen (tradisjonelt kalla avlyd), medan ei preteritumsform /ʃy:ta/ er additiv ettersom noko blir lagt til ordstammen. Lenging av segment reknar Mayerthaler som modulatorisk additiv. Stega har desse kjenneteikna:
  - (a) konstruksjonell ikonisme, segmental-additiv
  - (b) konstruksjonell ikonisme, modulatorisk additiv
  - (c) konstruksjonell ikonisme, modulatorisk
  - (d) ikkje konstruksjonell ikonisme
  - (e) skilnad mellom to semantiske kategoriar får ikkje ei symbolisering som finst i andre tilfelle for å markere same skilnaden.

Eg går så over til å sjå om på dei ulike pluralismarkørane i materialet for å sjå om dei har ulik signalstyrke slik Köpcke definerer dette omgrepet.

## Saliens

Ubunde pluralis av feminina som endar på trykklett *-/e/*, vil etter *-/r/-* bortfall falle saman med forma i ubunde singularis. Pluralismarkøren vil altså ikkje ha akustisk prominens.

## Typefrekvens og tokenfrekvens

*-/r/-* bortfall førte til at det som var sams for ulike grupper substantiv i pluralis, forsvann. Det vil seia at pluralismarkøren ikkje førekom så ofte i ein tekst som før, og det vil også seia at det vart færre leksikalske element med same pluralismarkør. Altså førte *-/r/-* bortfallet til både lågare typefrekvens og lågare tokenfrekvens.

## Signalvaliditet

Dersom ein markør også kan markere andre kategoriar i eit paradigme, får markøren ein lågare signalvaliditet. Köpcke reknar her berre med former i det same morfologiske paradigmet.<sup>3</sup> Det er altså ikkje relevant at *-/r/* markerer både presens ved verb og pluralis ved substantiv ettersom det her er snakk om to ulike paradigme. Etter *-/r/-* bortfall blir det samanfall mellom pluralisform og singularisform ved feminina som ender på trykklett *-/e/* i indre finnmarksmål. Forma jente */jente/* kan etter *-/r/-* bortfall vera både singularis og pluralis ubunden form. Dette gjer at pluralismarkøren i */jente/* har låg signalvaliditet. Pluralisformer i maskulinum vil få same markør som singularisformer i bunden form femininum, og altså vil *-/a/* ha ein lågare signalvaliditet enn *-/ar/*.

## Ikonisitet

I og med at feminina med trykklett endevokal endar på *-/e/* i indre finnmarksmål, vil formene vera dei same i ubunde singularis og pluralis. Forma i ubunde pluralis vil såleis ikkje vera ikonisk. Forma */jenter/* er maksimalt ikonisk ettersom slike pluralisformer er segmental-additive.

For maskulina er både former med og utan *-/r/* ikoniske ettersom begge er segmental-additive.

<sup>3</sup> KÖPCKE 1993, 83.

Former utan *-/r/* vil samla sett ha lågare signalstyrke enn former med *-/r/*. Den fonologiske endringa *-/r/-* bortfall har altså ført til eit mindre klart system for pluralismarkering. Det vil så vera naturleg i Wurzels (2001) terminologi med ei utvikling der ulikskapen mellom ulike måtar å danne pluralis på, blir oppheva. Formene på *-/a/* har større signalstyrke enn formene på *-/e/*, og formene med *-/a/* blir da også bruka som pluralis ved etablerte feminina i indrefinnmarksmål. På det viset er motsetnaden mellom maskulina og feminina oppheva, og både tokenfrekvens og typefrekvens er større for former med *-/a/* når både feminina og maskulina får slike former, enn når dei to genera har ulike pluralismarkørar.

Former som */sia/*, */brila/*, */rɔ̃ta/* kan i indrefinnmarksmål vera både bunden form singularis og ubunden form pluralis. Dette vil seia at *-/a/* har låg signalvaliditet som pluralismarkør i ubunde pluralis. Fleire av informantane mine nyttar *-/er/* som pluralismarkør i ubunde pluralis, men *-/e/-* er svært lite nytta i bunde pluralis. Begge former er skriftmålsformer, og dersom bruken skulle forklarast berre som påverknad frå standardspråket, ville det vera sannsynleg at former med *-/e/-* var like vanlege både i bunde og ubunde pluralis. Slik er det altså ikkje. Også i anna finnmarksmål er same tendens observert. Tove Bull seier: »I store delar av Varanger kan ein observere ein nokså sterk tendens til å føre inn former på *-er* i pluralis i ubunden form, altså former som *båter*, *vegger*, *bygder*, *tuer*, *jenter*«. <sup>4</sup> *-/er/* har større signalvaliditet enn *-/a/* som markør av ubunde pluralis av di *-/er/* ikkje har nokon annan funksjon i paradigmet.. I bunde pluralis vil *-/an/* ha like høg signalstyrke som *-/ene/*, og *-/an/* er langt meir utbreidd i materialet enn *-/ene/*. Det kan altså sjå ut til at forklaringa på kvifor pluralis på *-/r/* ser ut til å stå sterkt, er at desse formene har større signalstyrke. Dersom interferens frå skriftspråket eller statusvariantar av talemålet i seg sjølv skulle vera forklaring, kan ikkje eg sjå nokon rimeleg grunn til at ikkje også *-/ene/* i bunde pluralis skulle stå like sterkt.

Det er store individuelle variasjonar mellom informantane på dette området, så eg vil sjå på dei informantane som har flest førekomstar av *-/er/* for å sjå om det er mogeleg å finne reglar eller potensielle reglar for når dei nyttar slike former.

<sup>4</sup> BULL 1996, 168.

## G3

Han har 8 førekomstar av *-/er/* og 13 av *-/a/*. Han har éin førekomst av *-/er/* ved ein konsonantstamme (*/føter/*). Elles er det ein førekomst av *-/er/* ved eit nøytrum (*/vinduer/*), tre ved tostava feminina med trykklett *-/e/* (*/stjæ:ŋer/*, */briler/*, */ka'nu:nkuler/*), to ved det tostava ordet *planke*. Dette ordet har ulikt kjønn i ulike dialektar, det førekjem både som maskulinum og femininum.<sup>5</sup> Vaksne språkbrukarar eg har spurt i Guovdageaidnu, har gitt opp */planka/* i bunden form singularis, og eg reknar derfor ordet som etablert femininum. Det er to førekomstar av */kater/*. Dette ordet er oppgitt som */e:n kat/* i ubunde singularis med førestelt determinativ og */kata/* i bunde singularis av alle vaksne språkbrukarar eg har spurt.

Alle orda med *-/er/* i ubunde pluralis hos denne informanten når ein ser bort frå konsonantstammeordet *fort* og nøytrumet *vindu*, er etablerte feminina, og av dei endar alle unntatt eitt på trykklett vokal i singularis ubunde form. Det kan sjå ut til at ein ser det same hos denne informanten som Bull 1996 har observert i talemål frå Varanger. Denne tendensen finst ikkje hos nokon av dei andre informantane.

## G5

Han har 13 førekomstar av *-/a/* og 8 av *-/er/*. Denne informanten nyttar *-/er/* og *-/a/* til dels ved same ord, (*/gaj/* (5 x *-/er/*, 2 x *-/a/*), */hæn/* (2 x *-/er/*, 3 x *-/a/*)). Alle dei andre førekomstane er også ved etablerte maskulina (*/ukser/*, */kalver/*, */trylekunster/*). Han har tre førekomstar av *-/a/* ved etablerte feminina med trykklett final *-/e/* i ubunde singularis (*/røta/*, */brila/*).

## J3

Denne informanten har 19 førekomstar av *-/er/* og to av *-/a/*. Det ser ut til at *-/er/* er den vanlege markøren av ubunde pluralis hos henne, og han førekjem ved alle grupper ord.

<sup>5</sup> BEITO 1954, 306.

## J6

Denne informanten har to førekomstar av *-/a/* og 12 førekomstar av *-/er/* som markør av ubunde pluralis. Ho nyttar *-/er/* ved alle etablerte maskulina. Også orda *far*, *ting* og *sko* får *-/er/* i ubunde pluralis. På dette viset skapar ho større systematikk i paradigmet enn det som finst i etablert mål. Også for etablerte feminina er *-/er/* den markøren som førekjem oftast hos denne informanten. Dei to orda som får *-/a/* som markør av ubunde pluralis, er feminina med final *-/e/* i ubunde singularis. Det kan tenkjast at det at desse orda alt har ein *-a* i ei form i paradigmet, bunde singularis, gjer at ho vel *-/a/* som markør av ubunde pluralis jamvel om dette gjer signalstyrken av *-/a/* som pluralismarkør liten.

Hos dei andre informantane som varierer mellom *-/a/* og *-/er/* (J1, J2, J4), liknar mønsteret det som G5 nyttar.

Det hører med til historia at dei dialektale formene er meir utbreidde hos gutane enn hos jentene når ein ser gruppene samla, men det er store individuelle variasjonar, og materialet er så lite at det ikkje er grunnlag for å dra dei heilt store konklusjonane på det området.

Ei naturleg morfologisk utvikling går etter det Mayerthaler hevdar, i retning av meir homogene morfologiske kategoriar. Ein kunne da tenkje seg at eitt fleksjonsmønster tok over for eit anna, og på det viset ville det markerte mønsteret forsvinne og eit umarkert fleksjonsmønster vinne. Det ser ikkje ut til at dette har skjedd for pluralisbøyinga i talemålet til informantane mine. Det ser ut til at visse overordna prinsipp styrer kva for former som blir vald, og at drag frå ulike fleksjonsmønster blir kombinerte. Dette kan forklarast ut frå at det som Wurzel seier, ikkje berre er skilnad i normaliteten til konkurrerande fleksjonsklasser, men også skilnader i normaliteten til meir allmenne struktureigenskapar som konkurrerer med kvarandre i eit fleksjonssystem.<sup>6</sup>

Informantane lever i eit miljø der samisk og norsk er i nær kontakt med kvarandre. Som nemnt ser det ut til at det skjer meir endring i språkssystema i heterogene språkmiljø enn i homogene språkmiljø enn i einspråklege miljø.<sup>7</sup> Det er truleg at den måten informantane nyttar språklege reglar på og å laga nye mønster heng saman med at dei lever i eit tospråkleg miljø. Likevel ser det altså ut til å vera allmenne prinsipp

<sup>6</sup> WURZEL 1984/2001, 79.

<sup>7</sup> LE PAGE og TABOURET-KELLER 1985, 13–16.



som set rammer for kva endringar som skjer.

### Litteratur

- BEITO, Olav T.: *Genusskifte i nynorsk*. (= Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Historisk klasse. I. bind). Oslo: I kommisjon hos Jacob Dybwad, 1954.
- BULL, Tove: »Målet i Troms og Finnmark«. I: JAHR, Ernst Håkon og Olav SKARE (Utg.): *Nordnorske dialektar*. Oslo: Novus, 1996. 157–174.
- KÖPCKE, Klaus-Michael: *Schemata bei der Pluralbildung im Deutschen*. Tübingen: Gunter Narr Verlag, 1993.
- LE PAGE, R. B. og Andrée TABOURET-KELLER: *Acts of identity: Creole-based approaches to language and ethnicity*. Cambridge: Cambridge University Press, 1985.
- MAYERHALER, Willi: *Morphologische Natürlichkeit*. Wiesbaden: Akademische Verlagsgesellschaft Athenaion, 1981.
- WURZEL, Wolfgang Ulrich: *Flexionsmorphologie und Natürlichkeit. Ein Beitrag zur morphologischen Theoriebildung*. Berlin: Akademie Verlag, 1984/2001.